

Etter adresseliste

Att.:

Vestnes, 05.01.2026

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSENDRING FOR REGULERINGSPLAN KJERSEMFJELLET, PLAN-ID 0137, VESTNES KOMMUNE

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeidet med privat forslag for endring av gjeldande reguleringsplan for hytteområde på Kjersemfjellet.

Forslagsstillar er Paul Morten Medhus på vegne av Kjersem grunneigarlag.

Målsettinga med reguleringsarbeidet er å endre reguleringsføresegnene slik at det kan byggast hytter meir i samsvar med dagens krav til storleik og standard. Storleiken på hyttene vil bli sett til BYA = 120 m², inkl. eventuell utvendig terrasse på inn til 45 m². Hyttene kan byggast i ein etasje og evt. kjellar. Anneks/uthus kan i tillegg byggast med BYA = 20 m². Det kan leggjast inn straum og vatn i hyttene. Avløp skal gå til godkjent minireinseanlegg, enten enkeltvis eller fleire i lag.

Det kan opparbeidast ein smal køyrbar veg fram til den enkelte hytte. Det skal ikkje vere parkering på eller langs kommunevegen.


Talet på hyttepunkt blir uendra.

Målsettinga er at eksisterande hytter skal falle innanfor godkjent reguleringsplan.

I samråd med kommunen vart det søkt om behandling etter forenkla saksbehandlingsreglar, men kommunen har seinare krevd at reguleringsforslaget skal følgje ordinær saksgang. Difor blir de med dette varsla om oppstart av planarbeidet.

Referat frå oppstartsmøte med kommunen er datert 19.12.2025, og kan sjåast på kommunen si heimeside, saman med dette oppstartsvarslet.

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet nedanfor, og er samanfallande med avgrensinga av eksisterande reguleringsplan.



Planinitiativ og referat fra oppstartsmøte kan ein sjå på kommunens heimeside.

Innspel til oppstart av planarbeidet skal sendast til JOBing, Kråkvika 33, 6390 Vestnes, eller til e-postadresse job@jobing.no, innan 10.02.2026.

Ing. Jostein Bø
plankonsulent